

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 18.04.2017

Til stades: Gunnar Dalseth, Lars Sæverhagen, Marit Huus, Kenneth Vikane, Olav Bernt Strømsnes, Una Eiken, Marta Samland og Kaia Gulbrandsen.

Meldt forfall: Ingen

Referent: Kaia Gulbrandsen

Sak 2017/27: Innkalling og dagsorden; godkjent.

Sak 2017/28: Godkjenning av referat frå styremøte 14. mars. Godkjent med en kommentar:

Landskapsparkgruppa sitt avsnitt i årsmeldinga kom inn til styret i så kort tid før årsmøtet at styret ikkje fekk behandla dette før årsmøtet (sak 2017/19). Årsmeldinga vart godkjent av årsmøtet.

Sak 2017/29: Konstituering av styret etter årsmøte og fordeling av arbeidsoppgåver:

Styret i Herand Bygdelag er etter årsmøtet 26.03.17 som følgjer:

- Gunnar Dalseth - leiar (valt av årsmøtet)
- Marit Huus - nestleiar
- Lars Sævarhagen – kasserar (Erik Sølve Hansen fører rekneskapen)
- Kaia Gulbrandsen – skrivar
- Kennet Vikane – styremedlem
- Una Eiken – styremedlem
- Olav Bernt Strømsnes – styremedlem
- Marta Samland – 1. vara, innkallast til alle styremøte

Kenneth Vikane er styret sin representant i Herand Omsorgsbustader, Herand Oppgangssag, han er i gruppa for eigedom og i gruppa for tilstellingar.

Una Eiken er styret sin representant i gruppa for Landskapsparken. Marna Roer er leier her.

Kaia Gulbrandsen er ansvarleg for Herand Bygdeblad og i gruppa for eigedom.

Marit Huus er i gruppa for tilstellingar.

Sak 2017/30: Oppfølging av saker frå referat:

- Nytt utstyr for lyd/lys/bilete i Herand Kulturhus; saka er under arbeid.
- Herand Båtlag har hatt årsmøte. Jarle Børve er ny leiar.

Sak 2017/24: Klargjering for sommaren: (utsett frå førre møte, same saks nr som før)

- Herandshelg/Jonsok: det er sett ned ein komité som er på saka. Det vert ein vanleg jonsok komité med ansvar for feiringa på fredag 23.06, denne er sett opp av fjorårets komité.
- Kiosken i båthamna, ingen drivarar så langt. Interesserte bes melde seg til båtlaget ved Jarle Børve.
- P-plassar ved kaien. Denne saka ligg no hjå kommunen.
- Dugnad, det har vore eit planleggingsmøte. Det vert to bygdedugnader, 22. og 29. april.
- Liste over styremedlemmenes veker for tømning av boss og blomevatning vert sett opp på styremøtet 09.05.17

Sak 2017/31: Statur Liv og Lyst.

Gunnar informerte styret om framdrifta. Det vert ein samling på kulturhuset torsdag 20.04. kl. 17.30. Det ser ut til å bli jobba i to ulike grupper; ein med turisme/næring og ein med kulturminne/historie. Det vert samarbeid med gruppa 550-Vestsida frå Ullensvang med tanke på felles aktivitetar/verdiar knytt mot turistveg 550. Det jobbast og med eit kart etter «alpinkartmal» for besøkande til bygda.

Sak 2017/32: Mogeleg prosjekt – film om båtbygginga i Herand

Prosjektet er at ein filmskapar i Kvinnherad, Merethe Offerdal, lagar ein film med Sverre Haugen. Det er Landskapsparkgruppa som jobbar med prosjektet. Herand Bygdelag er positive til tiltaket og kan garantere for prisen på ca. 80.000,-, under føresetnad av at Landskapsparkgruppa tek ansvar for å søke økonomisk støtte for å dekke utgiftene.

Sak 2017/33: Eventuelt. Ingen saker.